

Høge temperaturar - ikkje tropenatt.

28.07.2018



Bilete syner målar kjøpt på Clas Olsson. Send gjerne bilete av målaren.

Uskedalen.no bad om hjelp med å få vita høgste temperaturen målt i skuggen i går, fredag 27. juli. Thor Inge Døssland sender biletet og seier at før sola kom på målaren, var temperaturen 33,2 gr. Det vil alltid vera variasjonar og usikre faktorar. Kurt Haugland med sin målestasjon i Korsneset fortel at høgste temperatur var målt kl. 17.00 med 31,38 gr. Det var ikkje tropenatt ettersom temperaturen var nede i 18,9 i natt.

Av andre målingar nemner vi:

- Korsneset 33,2 gr.
- Neset: 32,5 gr. kl. 17.00
- Kråkehaugen: 34,5 gr. kl. 18 (i skuggen kl. 18, men i sola tidlegare på dagen)

Vi gjer merksam på at det vil alltid vera lokale variasjonar og mange faktorar verkar inn på kva det vil sei at målinga skal vera i skuggen.

Hald fram med å senda oss målingar, men ver presis på om det var i går eller om målinga er i dag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland